



Lærdal
kommune

GEBYRHEFTE 2023

Plan og forvaltning



Grøne
Lærdal

Innhald

1. Gebyr etter Matrikkellova.....s. 3
2. Gebyr etter Plan- og bygningslova.....s. 9
3. Gebyr for div. utskrift og sal av kart og eigedomsopplysningars.14

Gebyr 2023

for

forvaltningsoppgåver

etter

Matrikkellova

1.0

REGULATIVET ERSTATTAR TIDLEGARE GJELDANDE REGULATIV OG GJELD SAKER
MOTTATT FRÅ OG MED 01.01.2023

Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Matrikkellova vart sett i kraft 1.1.2010 og avløyste frå same dag delingslova.

*Rekvisisjonstidspunkt er rekna som tidspunkt då **komplett rekvisisjon føreligg**.*

Kommunen er med matrikkellova pålagt utvida undersøkingsplikt og sakshandsamingsrutinar. Matrikkellova legg til grunn at kommunen kan få dekkja sine samla utgifter for oppgåver etter lova gjennom dei gebyrheimlane lova gjeld.

Nr	Type	Gebyr 2022	Gebyr 2022
1.1	Oppretting av matrikkeleining		
1.1.1	Oppretting av grunneigedom og festegrund		
A	areal frå 0-500 m ²	13.420,-	14.360,-
B	areal frå 501 m ² -2000 m ²	19.840,-	21.230,-
C	B + areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt da.	1.750,-	1.870,-
D	areal over 20000 m ² - minstepris medgått tid eller	52.520,-	56.200,-
E	Oppretting av grunneiendom med utsatt oppmålingsforretning	10.510,-	11.250,-
1.1.2	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn		
A	areal frå 0-500 m ²	13.420,-	14.360,-
B	areal frå 0-2000 m ²	19.840,-	21.230,-
C	B +areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt da	1.750,-	1.870,-
1.1.3	Oppmåling av uteareal på eigarsksjon		
	Gebyr for oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon		
A	areal frå 0-50 m ²	7.010,-	7.500,-
B	areal frå 51 - 250 m ²	9.910,-	10.600,-
C	areal frå 251 m ² - 2000 m ²	18.680,-	19.990,-
D	C +areal frå 2001 m ² - auke per påbegynt da.	1.750,-	1.870,-
1.1.4	Oppretting av anleggseigedom		
	Gebyr for oppretting av grunneigedom		
A	Volum frå 0 – 2000 m ³	23.330,-	25.000,-
B	A + Volum frå 2001 m ³ - auke pr. påbegynt 1000 m ³	1.750,-	1.870,-
1.1.5	Registrering av jordsameige		
	Gebyr for registrering av eksisterende jordsameige blir fakturert etter medgått tid		
1.2	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning		
	Viser til 1.1, 1.2 og 1.4. Tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning.		

Nr	Type	Gebyr 2022	Gebyr 2023
1.2.1	Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering		
	Gebyr for utført arbeid når saka vert: a) trekt før den er fullført, b) må avvisast, c) ikkje let seg matrikkelføra på grunn av endra heimelsforhold eller d) av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert sett til 1/3 av gebyrsatsane etter 1.1 og 1.2 eller etter medgått tid.		
1.3	Grensejustering		
1.3.1	Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av den <i>minste</i> eigedomens areal. (Maksimalgrensa er sett til 500 m ²). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgje areal som i sum overstig 20 % av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneføremål kan andre arealklassar gjelde.		
	Areal frå 0 – 250 m ²	8.160,-	8.730,-
	Areal frå 251 – 500 m ²	10.510,-	11.250,-
1.4	Arealoverføring		
1.4.1	Grunneigedom, festegrunn og jordsameige		
	Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg - og jernbaneføremål.		
A	Areal frå 0-250 m ²	19.720,-	21.100,-
B	Areal frå 251 m ² -500m ²	23.040,-	24.650,-
C	B + Arealoverføring per nytt påbyrja 500 m ² medfører ei auke av gebyret på	1.990,-	2.130,-
1.4.2	Anleggseigedom		
	For anleggseigedom kan volum som ikkje skal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan, ikkje vere registrert på ein tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ein matrikkeleining viss vilkåra for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.		
A	Volum frå 0 – 250 m ³	8.170,-	8.740,-
B	Volum frå 251 m ³ - 1000 m ³	10.430,-	11.160,-
C	B +Arealoverføring per nytt påbegynt 500 m ³ medfører ei auke av gebyr på	1.990,-	2.130,-

1.5	Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning		
	For inntil 2 punkt eller 100 m grense	4.650,-	4.980,-
	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	960,-	1.030,-
1.6	Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/eller klarlegging rettar		
	For inntil 2 punkt eller 100 m grense	8.160,-	8.730,-
	For overskytande grensepunkt, pr. punkt	1.980,-	2.120,-
	Gebyr for klarlegging av rettar blir fakturert etter medgått tid.		
1.7	Privat grenseavtale		
	Gebyret vert fastsett etter medgått tid.		
1.8	Urimeleg gebyr		
	Dersom gebyret openbart er urimeleg i høve dei prinsippa som er lagt til grunn, og det arbeidet og dei kostnadane kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den han/ho har gitt fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit passende gebyr. Den som har fullmakt kan under same forutsetningar og med bakgrunn i grunngitt søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.		
1.9	Betalingstidspunkt		
	Gebyret skal krevjast inn når matrikkelbrevet er ferdig utarbeida og skal tinglyst.		
1.10	Forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka		
	Gjer rekvirenten under sakas gang forandringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka, opprettheld ein likevel gebyret, eller det vert utrekna etter medgått tid.		
1.11	Utlevering av matrikkelbrev og andre utlegg		
	Matrikkelbrev	230,-	250,-
1.12	Gebyr rekna på grunnlag av medgått tid		
	Gebyr for oppmålings teknisk arbeid som ikkje kjem innunder ovannemnde satsar skal reknast ut på grunnlag av medgått tid.		
1.12.1	Timesats kontorarbeid	1.130,-	1.210,-

1.12.2	Timesats markarbeid	1.520,-	1.630,-
	Minstegebyr medgått tid	3.730,-	3.990,-
	Timesatsen for kontorarbeid inkluderer normale uttak av adm. støtte. Timesatsen for markarbeid omfattar transport til og frå arbeidsstaden samt naudsynt merkemateriell.		
1.13	Tidsfristar		
	Kommunen legg til grunn dei tidsfristar som føl av matrikkelforskrifta §§ 18 og 19 ved behandling av saker etter matrikkellova. Eit unntak er likevel saker som krev arbeid i marka, og som kjem inn på eit tidspunkt der mark- og målearbeid ikkje kan gjennomførast før snøforholda tillet slikt arbeid. Fristen gjeld ikkje i tidsrommet 14.oktober – 14.april pga. snøforhold.		
1.14	Frådelingssøknad		
	Behandling av frådelingssøknad	5.060,-	5.410,-
1.15	Seksjonering		
	Oppretting av eigarseksjon (seksjonering)	6.160,-	8.000,-
	Tilleggsgebyr for kvar eining, frå og med eining nr. 3 og oppover		650,-

Utlegg til tinglysingsgebyr, eventuelt dokumentavgift, pantefråfall og utskrifter ut over det kommunen har fri tilgang til, kjem i tillegg til gebyr for den einskilde forretning.

GEBYR FOR TENESTER ETTER EIGARSEKSJONAR (§ 7)

Gebyr for seksjonering kjem fram av tabell, gebyr 1.15. Der saka vert trekt, og der løyve til seksjonering ikkje vert gjeve, vert gebyret ikkje refundert.

UTARBEIDING AV MATRIKKELBREV FOR GRUNNAREAL TIL SEKSJON

Der det inngår grunnareal i ein seksjon, skal det i tillegg til seksjoneringsgebyr betalast for oppmåling.

Ved reseksjonering som medfører endring av grenser for ein seksjon sitt uteareal, skal det lagast nytt matrikkelbrev. Gebyr skal svarast i samsvar med ovanstående satsar.

Der fornya søknad om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr).

Forskrift om frist i saker som krev oppmålingsforretning i Lærdal kommune

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å forlengja sakshandsamingsfristen på 16 veker i månader der snø og vinterstengde vegar kan hindra gjennomføring innan fristen.

§ 2 Utsett tidsfrist for gjennomføring av oppmålingsforretning

Når klimatiske forhold tilseier det, vert tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta § 18, 1. ledd, ikkje gjeldande i perioden **14. oktober – 14. april**.

I dei deler av kommunen der nødvendige tilkomstvegar er vinterstengde etter 14. april, tek ikkje tidsfristen til å gjelda før vegane er opna etter vinterstenging.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 01.01.2015.

Gebyr 2023

for

- forvaltningsoppgåver (som byggjesaker, plansaker og dispensasjonar)**

etter

Plan- og bygningslova

2.0

REGULATIVET ERSTATTAR TIDLEGARE GJELDANDE REGULATIV OG GJELD SAKER
MOTTATT FRÅ OG MED 01.01.2023

Nr	Type	Gebyr 2022	Gebyr 2023
2.1	Basisgebyr for		
2.1.1	Rammeløyve		
	Tiltaksklasse 1	8.520,-	9.120,-
	Tiltaksklasse 2	13.710,-	14.670,-
	Tiltaksklasse 3	16.950,-	18.140,-
2.1.2	Igangsettingsløyve		
	Tiltaksklasse 1	6.480,-	6.930,-
	Tiltaksklasse 2	8.160,-	8.730,-
	Tiltaksklasse 3	9.610,-	10.380,-
2.1.3	Eitt trinns handsaming		
	Tiltaksklasse 1	10.210,-	10.920,-
	Tiltaksklasse 2	15.940,-	17.060,-
	Tiltaksklasse 3	19.510,-	20.880,-
2.1.4	Tilbygg/påbygg		
	< 30 m ²	25 % av basisgebyr	
	> 30 m ² < 100 m ²	50 % av basisgebyr	
	> 100 m ²	100 % av basisgebyr	
2.1.5	Garasjar/bustadbrakker/naust/basseng etc.	50 % av basisgebyr	
2.1.6	Mellombelse bygningar	100 % i den kategori bygget omfattar	
2.1.7	Bruksendring, som løyser ut ombygging	50 % av basis- og arealgebyr	
	Bruksendring, som ikkje løyser ut ombygging	25 % av basis- og arealgebyr	
2.1.8	Andre søknadspliktige tiltak som fasadeendring, vindaugeskift (som medfører fasadeendring), støttemurar, støyskjermer, graving/fylling, antenner, skilt, balkongar etc.	2.300,-	2.460,-
2.1.9	Avvik frå høgde/avstand i forhold til nabogrense etter pbl § 29-4	1.700,-	1.820,-

2.1.10	For separate søknader som godkjenning av tekniske installasjonar, heisanlegg, tankar og konstruksjonar som ikkje gjev BRA	2.240,-	2.400,-
2.1.11	Endring av løyve	50% av basisgebyr	
2.1.12	Tilleggsgebyr i byggesaker for kvar m ² BRA over 250 m ²		35,-
2.1.13	Gebyr for meirarbeid for mangelfull søknad	550,-	590,-
2.1.14	Tiltak utan ansvarsrett	2.000,-	2.140,-
2.1.15	Mellombels bruksløyve	1.800,-	1.930,-
2.1.16	Riving av tiltak etter PBL. 20-3 jf. 20-1 e) Per søknad		3.100,-
	Tilleggsgebyr ved rivesøknad som krev avfallsplan		1.400,-
2.2	Godkjenning av ansvarsrett		
2.2.4	Ansvarsrett for sjølvbygger	920,-	980,-
2.3	Handsaming av utsleppsløyve		
2.3.1	Anlegg der utsleppet er kalkulert til under 15PE	5.740,-	6.140,-
2.3.2	Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	8.030,-	8.590,-
2.3.3	Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 PE	12.720,-	13.610,-
2.3.4	Anlegg for utslepp av gråvatn	2.670,-	2.860,-
2.4	Dispensasjon med heimel i PBL § 19 Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr. Det skal fakturerast per dispensasjon som er søkt om, uavhengig av om det vert vedteke avslag på dispensasjonen.		
a	For handsaming av søknad om større dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan eller føresegner i plan- og bygningslova som utløyser behov for høyring og fleire synfaringar/møte, og løysing av fleire arealbrukskonfliktar.	17.510,-	18.740,-
b	For handsaming av søknad om dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan eller føresegner i plan- og bygningslova som løyser ut behov for høyring	7.300,-	7.810,-
c	For handsaming av søknad om dispensasjon bagatellmessige enkle dispensasjonar i byggesakshandsaming som ikkje krev høyring	3.630,-	3.880,-
d	For handsaming av midlertidige dispensasjonar (arealføremål)	7.110,-	7.610,-
e	For handsaming av enkle midlertidige dispensasjonar (ikkje arealføremål)	-	3.880,-

2.5	Plansaker (ny plan eller planendring) (I avbroten plansak skal det reknast gebyr ut i frå kor i prosessen saka vert avbroten. Kommunedirektør får fullmakt til slik avgjerd)		
2.5.1	Oppstartsmøte med representantar frå administrasjonen (kjem i tillegg til gebyr under punkt 2.4.2)	5.610,-	6.000,-
2.5.2	Privat framlegg til og endring av detaljreguleringsplan		
a	Ordinær enkel plan som er i samsvar med overordna plan, med avgrensa utfordringar i høve interesser og omsyn og ikkje krav om KU	35.010,-	37.460,-
b	Ordinær samansett plan som er i samsvar med overordna plan (eller har mindre avvik), med utfordringar knytt til for eksempel skred, flaum, trafikk etc. Naudsynt med avklaringar i høve interesser og omsyn og ikkje krav om KU eller berre avgrensa KU på utvalde tema	52.520,-	56.200,-
c	Kompleks plan med krav om KU og samansette arealbruksutfordringar/konflikhtar. Behov for fleire møter og synfaringar, og ein del dialog med kommunen og offentlege myndigheiter.	81.700,-	87.420,-
2.5.3	Fornya framlegg til plan Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya/endra planframlegg som er nekta fremja	50 % av basisgebyr	
2.5.4	Konsekvensutgreiing Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid og for utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp. Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta)	6.120,-	6.550,-
2.5.5	Mindre endring av reguleringsplan (PBL. 12-14, 2. og 3. ledd)		
a	Mindre endring, delegert til administrasjonen	7.300	7.810,-
b	Mindre endring, som krev politisk handsaming		12.500,-
2.5.6	Annonsering: Tiltakshavar dekker i utgangspunktet utgifter til annonsering. Der kommunen ser det som føremålsteneleg å annonsere/varsle privat reguleringsplan saman med andre kommunale planar, skal tiltakshavar dele kostnad for annonsering	500,-	1.000,-
2.6	Timeprisar – gebyr som vert rekna ut etter medgått tid		
a	Kontorarbeid (ut over ordinær sakshandsaming)	1.260,-	1.350,-
b	Feltarbeid (ut over ordinær sakshandsaming)	1.460,-	1.560,-

2.7	Saker i verneområde på Lærdalsøyri (verna bygningsmiljø etter PBL, fastsett gjennom reguleringsplan) og buffersone rundt (fastsett i Kommundelplan for Lærdalsøyri)		
a	For søknadar som skal handsamast etter Plan- og bygningslova (gebyrregulativ 2.0) i verneområdet på Lærdalsøyri	25 % av basisgebyr	
b	For søknadar som skal handsamast etter Plan og bygningslova (gebyrregulativ 2.0) i buffersona på Lærdalsøyri	50 % av basisgebyr	

Gebyr 2023

for

- plotting/kopiering
- utskrift frå matrikkel
- sal av digitale kart
- sal av eigedomssopplysningar

ved

Plan og forvaltning

3.0

REGULATIVET ERSTATTAR TIDLEGARE GJELDANDE REGULATIV OG GJELD SAKER
MOTTATT FRÅ OG MED 01.01.2023

Nr	Type	2022	2023
3.1	Plotting av kart frå digital kartbase		
3.1.1	A0	420,-	450,-
3.1.2	A1	310,-	330,-
3.1.3	A2	200,-	215,-
3.1.4	A3	110,-	120,-
3.1.5	A4	80,-	90,-
3.2	Kopiering frå plottar (inkludert pdf-fil)		
3.2.1	A0	370,-	400,-
3.2.2	A1	250,-	270,-
3.2.3	A2	140,-	150,-
3.2.4	A3	80,-	90,-
3.2.5	A4	48,-	50,-
3.3	Kopi av målebrev, skylddelingar		
3.3.1	Pr. stk.	110,-	120,-
3.4	Kopi av gamle saker		
3.4.1	Fast gebyr	140,-	150,-
3.5	Sal av eigedomssopplysningar		
3.5.1	Fast gebyr	2.240,-	2.400,-
3.6	Vedlegg til søknader		
3.6.1	Kart i A4-format til søknader	Gratis	Gratis
3.6.2	Dokument til pågåande saker	Gratis	Gratis
3.7	Sal av digitale kartdata		
3.7.1	Sal av digitale kartdata i sosi-format	Priskalkulator Kartverket	
3.7.2	Sal av digitale kartdata i anna format enn sosi	Priskalkulator Kartverket	

Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslått.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok imot ei tilfredsstillande plan eller søknad.

Betalingsstidspunkt

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt.

For søknadssaker kan kommunen krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før saksbehandling tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skrive ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sitt arbeid er fullført, skal kommunen rekne ut det endelege gebyret og skrive ut tilleggsrekning eller betale attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevje at gebyret er betalt før kommunen sitt arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skrive ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje forlenga betalingsfrist.

Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunngitt søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

Fritak for gebyr

Når særlege *grunnar tilseier*¹ det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningslinjer heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter matrikkel- og eigarseksjonslova.

Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr etter i høve til det som er utført eller det som kommunen må utføre.

Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Dersom kommunestyret ikkje gjer vedtak om anna regulering av satsane, skal administrasjonen med verknad frå 1. januar kvart år regulere satsane etter utviklinga i konsumprisindeksen frå oktober førre år til oktober siste år. Ved nemnde regulering skal ein avrunde satsar frå kr 50 og oppover til heile 10 kroner.

1. Særlege grunnar kan vere tiltaksorientert eller tiltakshavarorientert. Eksempel på ein tiltaksorientert sak er: Melding/søknad som gjeld eit freda eller verneverdig kulturminne. Eksempel på tiltakshavarorientert forhold er: Tiltakshavar si betalingsevne eller samfunnsfunksjonar for eksempel ein humanitær organisasjon. Generelt bør kommunen sine inntekter og utgifter først i kommunerekneskapet der dei høyrer heime. Dersom kommunen ettergir krav på gebyr i vernesaker, bør dette i kommunerekneskapet kome til uttrykk som kommunalt tilskot til kulturvernet. Og tilsvarande ved tiltaksorientert ettergjeving av gebyr: som sosialutgifter eller tilskot til organisasjonar.
